



Informasjon om samtykke til oppretting av elektronisk stafettlogg

Stafettlogg blir etablert i samarbeid med foreldre/ungdommen. I stafettloggen ligg ein ferdig mal for samtykket som kan redigerast. Samtykket blir gjort digitalt.

- Foreldre/ungdommen samtykker til etablering av stafettlogg og til at dei involverte partar blir invitert inn i loggen
- Ungdom frå 15-18 år skal samtykke i tillegg til foreldre, jf. [barnelova](#) §§ 32 og 31
- Ungdom over 16 år kan sjølv samtykke ved deling av helseopplysningar etter [pasient- og brukerrettighetsloven § 4-3b](#)
- Viss foreldre ikkje bur saman, og barnet har fast bustad hos begge, skal begge foreldre samtykke
- Ved nye deltakarar i samarbeidet, skal nytt samtykke innhentast
- Samtykket kan trekkast tilbake når som helst

Avslutta stafettlogg blir satt som passiv etter samtykke. Stafettlogg vil følge arkivlovgivinga og oppbevarast unntatt offentlegheit. Samtykker kan fremme krav om at opplysningane i stafettloggen skal bli sletta.

For barn og unge:

Eg/vi samtykkjer til at det vert oppretta ein elektronisk stafettlogg for barnet vårt.

Eller for ungdom/vaksen:

Eg samtykkjer til at det vert oppretta ein elektronisk stafettlogg for meg. Eg samtykkjer til at opplysningar om meg kan delast med personane som er oppførte nedanfor, og eg er kjend med at eg når som helst kan trekkje tilbake samtykket.

Formål

Formålet er å sikre at samarbeidande tenester har tilgang til oppdatert informasjon om mål, tiltak, ansvar og evalueringar, på same måte som eg/vi har om barnet vårt eller meg sjølv.

Målet er å styrke samarbeidet om tiltak som er til beste for barnet, ungdommen eller den vaksne. Eit godt samarbeid og open kommunikasjon er ei føresetnad for å nå dette målet. Stafettloggen er eit eigna verktøy for å leggje til rette for dette.

Eg/vi er informerte om at:

- Formålet med deling av opplysningar er å gi barnet, ungdommen eller den vaksne eit best mogleg hjelpetilbod.
- Informasjonen som vert delt, skal til kvar tid vere avgrensa til det som er nødvendig for samarbeidet.
- Eg/vi har fått informasjon om kva det inneber å opprette ein stafettlogg, jf.
- Samtykket gjeld så lenge barnet, ungdommen eller den vaksne mottek hjelp gjennom samarbeidet. Eg/vi er kjende med at samtykket kan trekkjast tilbake når som helst.
- Stafetthaldar og deltakarar i loggen som er omfatta av samtykket, pliktar å hindre at innhaldet vert spreidd til personar som ikkje er omfatta av samtykket.
- Dersom nye deltakarar vert inkluderte i samarbeidet, skal nytt samtykke innhentast før desse får tilgang til stafettloggen.

Samtykkeskjema vert godkjent digitalt og krev ikkje manuell signatur.